


Ekstra utsett for influensa-sjukdom? Ta vaksine!

Alle kan bli alvorleg sjuke av influensa, men nokre personar er meir utsette for alvorleg sjukdom enn andre. I Noreg bør om lag 1,7 millionar barn og vaksne ta influensavaksine.



Kven bør ta influensavaksine årleg?

- Personar som er 65 år eller eldre
- Bebuarar i sjukeheimar og omsorgsbustader
- Både barn og vaksne med:
 - kronisk lungesjukdom
 - kronisk hjarte- og karsjukdom
 - kronisk leversvikt
 - kronisk nyresvikt
 - kronisk nevrologisk sjukdom eller skade
 - nedsett immunforsvar
 - Diabetes, type 1 og 2
 - svært alvorleg fedme (BMI over 40)
 - annen alvorleg eller kronisk sjukdom
- Gravide frå 12. svangerskapsveke
- Prematurt fødde barn, særleg barn fødde før veke 32 i svangerskapet, frå 6 månader (kronologisk alder) til fylte 5 år.

Kva er influensa?

Vanleg influensa gjev brå sjukdomsstart, feber, tørrhoste, slappheit og muskelsmerter i 3-10 dagar. Influensa kan også føre til alvorleg lungebetennelse og forverring av kroniske sjukdomar.

Personar med hjarte- og karsjukdom er meir utsette for hjartefarkt, hjerneslag og død i influensasesongen enn elles i året. Alvorleg influensasjukdom kan føre til varig svekka helse og auka hjelpebehov.

I Noreg forårsakar influensa i gjennomsnitt over 5000 sjukehusinnleggningar og 900 dødsfall per år.

Kvifor ta influensavaksine?

Vaksine vernar mot influensainfeksjon og alvorleg influensasjukdom frå 1-2 veker etter vaksinasjon. Vaksinen kan setjast samtidig med vaksine mot andre infeksjonar, som t.d. pneumokokk og korona.


Vaksinen bør takast årleg fordi influensaviruset endrar seg heile tida og vaksinen må tilpassast desse endringane. Effekten av vaksinen blir også svakare over tid.

Har vaksinen biverknader?

Vaksine mot sesonginfluensa har vore bruk i mange år og har generelt få biverknader. Som andre vaksinar kan han gje ømme punkt, raud hud og hevingar på stikkstaden samt feber, lett sjukdomskjensle og muskelsmerter. Allergiske reaksjonar eller andre alvorlege biverknader er svært sjeldne. Influensavaksinen kan ikkje gje influensasjukdom.

Kvar kan eg ta influensavaksine?

Sjekk nettsidene til kommunen eller spør fastlegen din.



Les meir på
fhi.no/voksenvaksinasjon